

## Innkalling

---

Utval	Representantskapet SKS IKS
Møtestad	Lerstadvegen 545, 4. etg, møterom hjå Møre og Romsdal revisjon
Dato	10.05.2023
Tidspunkt	kl 12:00

---

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: [post@sksiks.no](mailto:post@sksiks.no) eller på telefon 92611735

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

### Sakliste

- PS 01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 02/23 Endringar i selskapsavtalen for SKS IKS frå 01.01.2024
- PS 03/23 Årsrekneskap 2022 Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS
- PS 04/23 Årsmelding 2022 Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Ålesund, 27.04.2023

Jan Ove Tryggestad  
Leiar av  
representantskapet

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar SKS IKS

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 01/23	Representantskapet SKS IKS	10.05.2023

### **Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

**Tilråding til vedtak:**

Representantskapet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

**Vedlegg**

Møteprotokoll - Representantskapet SKS IKS - 19.10.2022

## Møteprotokoll

---

<b>Utval</b>	Representantskapet SKS IKS
<b>Møtestad</b>	Lerstadvegen 545, møterommet 4. etasje hos kommunerevisjonen.
<b>Dato</b>	19.10.2022
<b>Tidspunkt</b>	kl 12:00 - 13:00

---

### Følgjande medlemmer møtte

Dag Oksnes  
Gudmund Relling  
Jan Ove Tryggestad  
Leonhard Vårdal  
Randi Karin Asbjørnsen  
Åge Reidar Vikestrand

### Forfall

Eva Vinje Aurdal  
Frode Andresen  
Håkon Lykkebø Strand  
Jan Magnar Sandvik  
Vebjørn Krogsæter

### Møtande varamedlem

Svein Rune Johannessen  
  
Kirsti Dale

### Andre som møtte

Kirsti Dale  
Svein Rune Johannessen

### Stilling

Varamedlem  
Varamedlem

### Møtenotat

Frå styret i selskapet deltok Torill Velle.  
Representantskapet valde onsdag 10. mai og onsdag 25. oktober, kl. 12.00, som datoar for møte i 2023.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar SKS IKS

## **Sakliste**

- PS 06/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 07/22 Orienteringar
- OS 01/22 Orientering for representantskapet om endring av selskapsavtale på grunn av skiping av Ålesund 2024 og Haram 2024
- PS 08/22 Godtgjersle styret og representantskapet 2023
- PS 09/22 Budsjett 2023 - økonomiplan 2024-2026 SKS IKS

## **PS 06/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

### **Tilråding til vedtak:**

Representantskapet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

**Representantskapet SKS IKS 19.10.2022**

### **Behandling**

#### **RSKS - 06/22 vedtak**

Representantskapet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

## **PS 07/22 Orienteringar**

## **OS 01/22 Orientering for representantskapet om endring av selskapsavtale på grunn av skiping av Ålesund 2024 og Haram 2024**

### **Tilråding til vedtak:**

Representantskapet tek orienteringa til vitande.

**Representantskapet SKS IKS 19.10.2022**

### **Behandling**

#### **RSKS - 01/22 vedtak**

Representantskapet tek orienteringa til vitande.

## **PS 08/22 Godtgjersle styret og representantskapet 2023**

### **Tilråding til vedtak:**

- Godtgjering for arbeidet i representantskapet og styret er satt til 1.903,- per møte.
- Leiar i representantskapet og leiar i styret skal ha fast årleg godtgjersle med tillegg av godtgjersle per møte. Godtgjersle til styreleiar utgjer 25.666,-. Godtgjersle til leiar av representantskapet utgjer 9.302,-. Dersom funksjonstida er under eit år blir den faste godtgjersla avkorta forholds messig.
- Nestleiar i representantskapet og nestleiar i styret skal ha 2.727,- i godtgjersle per møte dersom dei må tre inn og leie møtet i leiaren sitt fråvær.

## **Representantskapet SKS IKS 19.10.2022**

### **Behandling**

#### **RSKS - 08/22 vedtak**

- Godtgjering for arbeidet i representantskapet og styret er satt til 1.903,- per møte.
- Leiar i representantskapet og leiar i styret skal ha fast årleg godtgjersle med tillegg av godtgjersle per møte. Godtgjersle til styreleiar utgjer 25.666,-. Godtgjersle til leiar av representantskapet utgjer 9.302,-. Dersom funksjonstida er under eit år blir den faste godtgjersla avkorta forholds messig.
- Nestleiar i representantskapet og nestleiar i styret skal ha 2.727,- i godtgjersle per møte dersom dei må tre inn og leie møtet i leiaren sitt fråvær.

## **PS 09/22 Budsjett 2023 - økonomiplan 2024-2026 SKS IKS**

### **Tilråding til vedtak:**

1. Budsjett 2023 og økonomiplan for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS blir vedteke slik det ligg føre i vedlegg nr. 1, jf. også fordelingstabell vedlegg nr. 2
2. Deltakarkommunane betaler inn sin budsjetterte del av utgiftene med 1/3 med forfall 1.mars, 1. juli og 1. november i budsjettåret.

## **Representantskapet SKS IKS 19.10.2022**

### **Behandling**

## **RSKS - 09/22 vedtak**

1. Budsjett 2023 og økonomiplan for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS blir vedteke slik det ligg føre i vedlegg nr. 1, jf. også fordelingstabell vedlegg nr. 2

2. Deltakarkommunane betaler inn sin budsjetterte del av utgiftene med 1/3 med forfall 1.mars, 1. juli og 1. november i budsjettåret.

## **Styret SKS IKS 13.09.2022**

### **Behandling**

## **SSKS - 16/22 vedtak**

1. Budsjett 2023 og økonomiplan for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS blir vedteke slik det ligg føre i vedlegg nr. 1, jf. også fordelingstabell vedlegg nr. 2

2. Deltakarkommunane betaler inn sin budsjetterte del av utgiftene med 1/3 med forfall 1.mars, 1. juli og 1. november i budsjettåret.

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 07/23	Styret SKS IKS	12.04.2023
PS 02/23	Representantskapet SKS IKS	10.05.2023

## Endringar i selskapsavtalen for SKS IKS frå 01.01.2024

### Sekretariatet si tilråding:

Styret i SKS IKS oppmodar representantskapet i SKS IKS om å vedta følgjande tilråding:

Representantskapet i SKS IKS rår eigarkommunane til å vedta følgjande endringar i selskapsavtalen:

#### 1. Endring i § 4:

Frå 01.01.2024 skal nye Ålesund kommune ha eigardel 5/11 og Haram kommune 1/11. Eigardelane for dei andre kommunane vert uendra.

#### 2. Selskapsavtalen § 23 skal lyde:

Rekneskapen for SKS IKS skal førast etter kommunale rekneskapsprinsipp.

Det vert elles vist til lov om interkommunale selskap og kommunelova slik desse lyder til ei kvar tid.

**Styret SKS IKS 12.04.2023**

### Behandling

Samrøystes vedteken.

**SSKS - 07/23 vedtak**



Styret i SKS IKS oppmodar representantskapet i SKS IKS om å vedta følgjande tilråding:

Representantskapet i SKS IKS rår eigarkommunane til å vedta følgjande endringar i selskapsavtalen:

1. Endring i § 4:

Frå 01.01.2024 skal nye Ålesund kommune ha eigardel 5/11 og Haram kommune 1/11. Eigardelane for dei andre kommunane vert uendra.

2. Selskapsavtalen § 23 skal lyde:

Rekneskapen for SKS IKS skal førast etter kommunale rekneskapsprinsipp.

Det vert elles vist til lov om interkommunale selskap og kommunelova slik desse lyder til ei kvar tid.

**Bakgrunn:**

Stortinget vedtok 16. juni 2022 at Ålesund kommune skal delast opp og at det frå 1. januar 2024 skal etablerast to nye kommunar, Ålesund og Haram, med dei same grensene som før kommunesamanslåinga 1. januar 2020.

Nogjeldande selskapsavtale har fungert frå 01.01.2020. Avtalen vart godkjend av dei ulike kommunestyra i april – juni 2019 og sett i kraft saman med den nye kommuneinndelinga.

Dei to nye kommunane kjem i staden for noverande Ålesund kommune og deira deltaking i SKS IKS må innarbeidast i selskapsavtalen.

Både IKS-lova og sjølve avtalen gir reglar om endringar i avtalen. Mynde til å vedta slike endringar som er omfatta av lova § 4 tredje ledd er lagt til kommunane og etter IKS-lova krev slike endringar tilslutning frå alle deltakarkommunane. Dette gjeld m.a.:

- «angivelse av deltakerne»
- «den enkelte deltakers eierandel i selkapet»
- «antall medlemmer av representantskapet og hvor mange medlemmer den enkelte deltaker oppnevner»

Etter selskapsavtalen § 21 kan representantskapet med 2/3 fleirtal foreslå endringar i selskapsavtalen. Tilrådinga skal «oversendast dei deltakande kommunane til endeleg avgjersle».

Etter § 7 i forskrifta (Forskrift til gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune, FOR-2022-10-03-1692) skal dette valet gjerast av kommunestyret i noverande Ålesund for begge dei to nye kommunane.

Kontrollutvalet i noverande Ålesund skal etter forskrifta gi innstilling til valet. I møte den 23.11.2022 behandla utvalet saka med følgjande vedtak:

- sak nr. 41/22: Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS vert valt som sekretariat for Ålesund kontrollutval frå 01.01.2024
- sak nr. 42/22: Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS vert valt som sekretariat for Haram kontrollutval frå 01.01.2024.

Tilrådingane frå kontrollutvalet blei handsama av kommunestyret i Ålesund på deira møte 16. februar 2023 (sakene 25/23 og 26/23). Vedtakene var i tråd med innstillingene frå kontrollutvalet.

### **Vurdering:**

For ei nærare vurdering av forslag til endringar og bakgrunnen for desse synast det til vedlagde vurdering frå advokat Kjetil Kvammen.

### **Vedlegg**

Juridisk uttale i høve endring av selskapsavtale  
Utkast til selskapsavtale med endringar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS  
Postboks 7881 Spjelkavik  
6022 Ålesund

**Advokatsekretær**  
**Merete Svindseth**  
**E-post: [merete@kvammen.no](mailto:merete@kvammen.no)**

Att.: Dagl. leiar Bjørn Tømmerdal

Deres ref.:

Vår ref.: KK/208044-0

## Endringar i selskapsavtalen

Eg viser til forespørsel om vurderingar av endringar i selskapsavtalen for Dykkar selskap i samband med den vedtatte oppdelinga av Ålesund kommune og etablering av to nye kommunar, Ålesund og Haram

Vidare er eg beden om å vurdere endringar i avtalen knytt til endra rekneskapsprinsipp for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS, (SKS IKS).

### 1. Kompetansetilhøve i samband med endring / oppdatering av selskapsavtalen

Dei to nye kommunane skal konstituerast innan utgangen av oktober 2023 og tre i kraft 01. januar 2024, jfr. forskrifta § 1 tredje ledd.

Etter det konstituerande møtet ligg kompetansen til å etablere nye interkommunale samarbeid til dei nye kommunestyret (jfr. § 10 første ledd).

For allereie igongverande interkommunale samarbeid, slik som selskapsavtalen for SKS IKS, kan noverande Ålesund kommune imidlertid vedta endringar på vegne av dei to nye kommunane (forskrifta § 10 andre ledd). Det heiter i forskrifta (§ 10 andre ledd i.f.) at dette også gjeld eigar- og ansvarsfordeling med verknad frå 1. januar 2024.

Det er imidlertid inga plikt for noverande Ålesund kommune å treffe vedtak for det som skal gjelde frå 2024.

Etter § 4 i IKS-lova er det det enkelte kommunestyre som skal vedta dei aktuelle endringane i selskapsavtalen, jfr. ovanfor. Det same går fram av selskapsavtalen § 21 som alle deltakarkommunane er bundne av.

Det harmonerer difor best med den kompetansen som til vanleg gjeld etter IKS-lova at det er dei nye kommunane som skal vedta dei endringane som det her er tale om.

Det bør leggest opp til at kommunestyra i nye Ålesund kommune og Haram kommune etter konstituering sjølve godkjenner endringane i selskapsavtalen, då dette vil oppfylle det lovfesta kravet til kommunestyra i dette samarbeidet.

## 2. Endring i eigardelar og deltakaransvar

Som fordelingsprinsipp bør leggjast til grunn at noverande Ålesund kommune sin selskapspart vert delt mellom nye Ålesund og Haram kommunar. Innskottsplikta etter § 7 i selskapsavtalen bundne til desse andelane er allereie oppfylt frå tidlegare.

Ved endringane av eigar- og ansvarsdelar som vart gjort med verknad frå 01.01.2020 vart det lagt vekt på både talet på innbyggjarar og det behovet for sekretariatstenester som kontrollutvala erfaringsmessig hadde hatt dei føregåande åra. Desse er neppe særleg endra og geografisk er yttergrensene slik som før 2020. Vidare er det også i dag naturleg å vektlegge ei enkel og oversiktleg brøkfordeling.

Den enkelte kommune sitt delte (pro rata) økonomiske ansvar for selskapsskyldnadene svarar til eigarandelane i selskapet, noko som er hovudregelen etter IKS-lova. Det synest utfrå dette å vere naturleg at Haram blir likestilt med dei andre kommunane når det gjeld eigar- og ansvarsdel i selskapet. Verknaden av dette blir at nye Ålesund kommune åleine ikkje har fleirtal i representantskapet.

Konsekvensane for sjølve selskapet ved vidareføring av SKS IKS vil bli lite merkbare. Til ein viss grad vil dei bli strukturelle med fleire eigarar, men berre i liten grad økonomiske ettersom ein opprettheld noverande modell utan endringar i dei økonomiske rammene.

Etter mitt syn kan Kontrollutvalsekretariatet legge fram følgjande forslag til endringar i selskapsavtalen:

<u>Kommune</u>	<u>Nogjeldande fordeling</u>	<u>Kommune</u>	<u>Fordeling frå 01.01.2024</u>
Fjord kommune	1/11	Fjord kommune	1/11
Giske kommune	1/11	Giske kommune	1/11
		Haram kommune	1/11
Stranda kommune	1/11	Stranda kommune	1/11
Sula kommune	1/11	Sula kommune	1/11
Sykkylven kommune	1/11	Sykkylven kommune	1/11
Ålesund kommune	<u>6/11</u>	Ålesund kommune	<u>5/11</u>
Sum	11/11		11/11

## 3. Endring av rekneskapsprinsipp

Interkommunale selskap har rekneskapsplikt etter rekneskapslova dersom ikkje noko anna følgjer av lov eller forskrift.

IKS-lova opnar i § 27 opp for at deltakarkommunane kan gjere avtale om at SKS IKS skal føre rekneskapen etter kommunale rekneskapsprinsipp.

Det kan difor inntakast i selskapsavtalen at SKS IKS skal følgje særreglane i § 5 i forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskap (F17.12.1999 nr. 1568).

Dei kommunale prinsippa går fram av § 5 i forskrifta og medfører at årsrekneskapen skal innehalde driftsrekneskap, kapitalrekneskap, balanserekneskap og visse noteopplysningar. Rekneskapen skal dessutan baserast på dei rekneskapsprinsippa som går fram av kommunelova og forskrifter for kommunale budsjett og rekneskap.

Det er til vanleg ønskjeleg at rekneskapsprinsippa for ulike kommunale samarbeid vert harmonisert med kommunane og det vert difor foreslått at kommunal rekneskapsprinsipp skal gjelde for SKS IKS. Det synest høveleg å ta dette inn som eit nytt punkt i selskapsavtalen § 23 som omhandlar «Andre reglar». Eksisterande § 23 med litt språkleg tilpassing blir då pkt. 2.

Etter dette bør selskapsavtalen § 23 kunne lyde:

1. Rekneskapen for SKS IKS skal førast etter kommunale rekneskapsprinsipp.
2. Det vert elles vist til lov om interkommunale selskap og kommunelova slik desse lyder til ei kvar tid.

Øvrig kommentar:

Endringane i selskapsavtalen vert føresettt å tre i kraft frå det tidspunktet då vedtak om godkjenning av tilrådingane ligg føre i alle kommunestyra.

Med vennlig hilsen



Kjetil Kvammen

VEDLEGG: Utkast til endra selskapsvtale

## FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I §§ 1, 4, 23 OG 4

### SELSKAPSAVTALE FOR SUNNMØRE KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

#### § 1 Heimel og deltakarar

Kommunane Fjord, Giske, **Haram**, Stranda, Sula, Sykkylven og Ålesund har med heimel i lovom interkommunale selskap oppretta eit interkommunalt sekretariat for kontrollutvala med namnet:

#### Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS

Selskapet har sitt hovudkontor i Ålesund kommune.

#### § 2 Rettsleg status

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS er eit eige rettssubjekt.

#### § 3 Formål

Formålet med selskapet er:

- Sikre sekretariatstenester til kontrollutvala i deltakarkommunane
- Kontrollutvalssekretariatet skal drivast i balanse, slik at inntekter frå kommunane dekkjer kostnadane (sjølvkost)
- Sikre at medlemskommunane vert drivne i samsvar med etablerte prinsippfor god styring og kontroll i offentleg sektor

#### § 4 Eigardelar og deltakaransvar

Kommunane sin eigar- og ansvarsdel i kontrollutvalsekretariatet er fastlagt som følgjer:

Fjord kommune		1/11
Giske kommune		1/11
<b>Haram kommune</b>		<b>1/11</b>
Stranda kommune		1/11
Sula kommune		1/11
Sykkylven kommune		1/11
Ålesund kommune		<del>6/11</del> <b>5/11</b>
		11/11

Delingsforholdet blir justert ved opptak av nye kommunar eller uttreden av kommunar i kontrollutvalsekretariatet.

## **§ 5 Representantskapet**

Det øvste organ for selskapet er representantskapet, som består av 11

medlemmar. Deltakarane vel sine representantar som følgjande:

- Fjord kommune vel 1 representant til representantskapet
- Giske kommune vel 1 representant til representantskapet
- Stranda kommune vel 1 representant til representantskapet
- Sula kommune vel 1 representant til representantskapet
- Sykkylven kommune vel 1 representant til representantskapet
- Ålesund kommune vel 6 representantar til representantskapet

## **§ 6 Styret**

Styret blir valt av representantskapet. Styret har 3 medlemmer og 3 varamedlemmer. Representantar frå dei tilsette i selskapet har tilsvarende møterett i styret som etter kommunelova § 13 - 4.

## **§ 7 Innskottspflicht**

Deltakarkommunane som nemnt i § 1 skyt ved etableringa av sekretariatet inn eit kapitalinnskott på totalt kr 250 000,-. Etter at etableringa har funne stad, skal det ved opptak av nye deltakarar fastsetjast av representantskapet om og eventuelt kva den nye kommunen skal betale i innskott.

Den enkelte deltakarkommune sitt innskott følgjer kommunen sin eigar- og ansvarsdel i samsvar med § 4.

## **§ 8 Ansvarsdeling**

Dei enkelte deltakarane i selskapet hefter med heile si formue for sin aktuelle del av selskapet sine samla plikter.

## **§ 9 Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS si leing**

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS skal ha eit eige representantskap og eit styre, jfr. lov om interkommunale selskap§§ 6 og 10.

Kommunelova kap. 23 kontrollutvalet si verksemd, gjeld for selskapet.

Det skal tilsetjast ein dagleg leiar for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS, jfr. lov om interkommunale selskap§ 14.

## **§ 10 Tilslutting til arbeidsgjevarsamanslutting**

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS skal vere tilslutta ei arbeidsgjevarsamanslutting.

## **§ 11 Representantskapet si samansetjing mv.**

Medlemmane m/varamedlemmar blir valt av dei enkelte deltakarkommunane i samsvar med lov om interkommunale selskap § 6.

Når nytt representantskap er valt etter eit kommuneval, skal det snarast kallast inn for konstituerande møte. Møtet blir kalla inn av tenestegjerande leiar med minst 4 vekers varsel.

Representantskapet er vedtaksført når minst 2/3 av medlemmane er til stades.

Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar. Representantskapet vel styret sin leiar og nestleiar.

## **§ 12 Representantskapet sine oppgåver og mynde**

1. Representantskapet leiar Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS ut i frå selskapsavtalen og lov om interkommunale selskap.
2. Representantskapet vedtek budsjett/økonomiplan og prinsipp for fordeling av kostnader med 2/3 fleirtal. Budsjett skal sendast dei deltakande kommunar innan 1. oktober året før vedkommande budsjettår. Dersom ein ikkje oppnår 2/3 fleirtal, blir saka avgjort med alminneleg fleirtal i nytt møte. Årsbudsjettet skal setjast opp i samsvar med dei rammer som er fastsett i kommunelova kap. 14 med tilhøyrande forskrifter, jfr. selskapsavtalen § 17.
3. Representantskapet kan ta opp lån, dersom dette er godkjent i alle deltakarkommunane.
4. Overskott/underskott skal regulert mot eit disposisjonsfond og disponering kan gjerast ved inntektsføring på budsjett/rekneskap etter vedtak i representantskapet.

## **§ 13 Styret sine oppgåver**

1. Forvaltning av selskapet høyrer under styret, som har ansvar for ein tilfredsstillande organisasjon av selskapet si verksemd. Styret skal sjå etter at verksemda blir driven i samsvar med selskapet sitt formål, selskapsavtalen, selskapet sitt årsbudsjett og andre vedtak og retningslinjer for god verksemdstyring fastsett av representantskapet.
2. Styret skal sørge for at bokføringa og formuesforvaltninga i selskapet er gjenstand for ein tilfredsstillande kontroll. Det skal utarbeidast årsmelding for styret sitt arbeid, inkludert økonomiske oversikter for verksemda. Årsmeldinga og rekneskapa ska l sendast deltakarkommunane til orientering.
3. Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar si leiing av selskapet.
4. Styret tilset og seier opp dagleg leiar.
5. Styret fastset lønns- og arbeidsvilkår for dagleg leiar.



## **§ 14 Dagleg leiar**

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS skal ha ein dagleg leiar som blir tilsett av styret. Dagleg leiar skal administrere og leie kontrollutvalsekretariatet i samsvar med selskapsavtalen, dei retningsliner og pålegg som styret har gjeve, og elles etter dei lover og reglar som gjeld for verksemda.

Dagleg leiar skal gjennomføre kontrollutvalsekretariatet sitt formål og dei oppgåver som blir pålagt i selskapsavtale, vedtak og budsjett.

Dagleg leiar gjev innstilling i saker som skal behandlast, og er sekretær for styret og representantskapet.

## **§ 15 Inhabilitet**

Om inhabilitet for tilsette i selskapet og medlemmar i selskapet sine styrande organ gjeld forvaltningslova kapitel II og kommunelova § 13 – 3 og §11 – 10.

## **§ 16 Tilvising/prokura**

Dagleg leiar eller stadfortredar tilviser Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS sine utgifter, med unntak av utgifter som vedkjem dagleg leiar personleg eller der det er tvil om dagleg leiar sin habilitet. Slike utgifter skal tilvisast av styret sin leiar eller nestleiareren i leiaren sitt fråvær.

Sekretariatet blir forplikta ved underskrift av styret sin leiar eller dagleg leiar. Styret meddelar prokura.

Dagleg leiar representerer kontrollutvalsekretariatet ovanfor andre i saker som kjem inn under dagleg leiar sitt ansvar i samsvar med § 13.

Det blir elles vist til lov om interkommunale selskap § 16 vedk. selskapet sin representasjon.

## **§ 17 Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS sine inntekter**

Kommunane betaler sin del av kostnadane etter ein delt modell:

- a) Årleg tilskott pr. kommune blir fastsett av representantskapet. Halvparten av utgiftene til fordeling blir fastsett i følge eigardel etter § 4.
- b) Den andre halvparten vert fordelt utfrå medgått tidsbruk.

Ved over- eller underfakturerering på 10% eller meir for budsjettert medgått tid, vil korrigerering av faktura bli gjort.

Den enkelte kommune betalar sin budsjetterte del av utgiftene nemnt i pkt. a til Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS med ein tredjedel med forfall den 1.

mars, 1. juli og 1. november i budsjettåret. Avrekning og oppgjør skjer straks endeleg rekneskap ligg føre etter utgangen av det enkelte driftsår.

- c) Utgifter ved sekretariatsarbeid som er bestilt særskilt av ein kommune (kontrollutval) blir fakturert særskilt den aktuelle kommunen med 50 % ved oppstart av oppdraget og 50 % når oppdraget er avslutta.
- d) Dersom eit oppdrag blir utført for ein kommune og andre kommunar drar nytte av resultatet i sitt arbeid, kan utgiftene etter ei konkret vurdering fordelast skjønnsmessig. Styret godkjenner utgiftsfordelinga i slike saker.

## § 18 Val av revisor

Representantskapet vel revisor for revisjon av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS sitt rekneskap.

## § 19 Godtgjersle mv.

Godtgjersle til representantskapet, styret sine medlemmar og tillitsvalde frå dei tilsette, skjer i samsvar med fastsett reglement vedteke av representantskapet.

## § 20 Nye deltakarar

Opptak av nye kommunar som deltakarar må godkjennast av alle deltakarkommunane.

## § 21 Endringar - opphøyr mv.

Representantskapet kan med 2/3 fleirtal foreslå endringar eller tilføyningar i selskapsavtalen. Representantskapet sitt vedtak skal oversendast dei deltakande kommunar til endeleg avgjersle. I dei tilfelle der det ikkje blir gjort samsvarande vedtak i alle kommunestyra, gjeld det som fleirtalet har slutta seg til.

Utmelding, utelukking og oppløysing av kontrollutvalsekretariatet skjer i samsvar med dei saksbehandlingsreglar som gjeld i lov om interkommunale selskap.

## § 22 Tvistar

Tvist om tolking av selskapsavtalen skal så langt råd løysast ved at partane søker ei felles forståing. Dersom ein ikkje blir einige, skal tvisten avgjerast med bindande verknad ved valdgift etter reglane i valdgiftlova.

## § 23 Andre reglar

~~Elles gjeld dei til ei kvar tid gjeldande lov om interkommunale selskap og kommunelova kap. 23 med tilhøyrande forskrifter.~~

1. Rekneskapen for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS skal førast etter kommunale rekneskapsprinsipp.
2. Det vert elles vist til lov om interkommunale selskap og kommunelova slik desse lyder til ei kvar tid.

## § 24 Verknadstidspunkt

Denne selskapsavtalen trer i kraft frå ~~01.01.2020~~ **01.01.2024**.

~~Endringar i selskapsavtalen blei tilrådd i representantskapet sitt møte 21. februar 2019 og vedtekne i fylgjande kommunestyre:~~

- ~~• Ålesund bystyre, sak 073/19 \_\_\_\_\_ 20. juni 2019~~
- ~~• Ørskog kommunestyre, sak 43/19 \_\_\_\_\_ 13. juni 2019~~
- ~~• Haram kommunestyre, sak 033/19 \_\_\_\_\_ 9. mai 2019~~
- ~~• Sykkylven kommunestyre, sak 27/19 \_\_\_\_\_ 8. april 2019~~
- ~~• Skodje kommunestyre, sak 45/19 \_\_\_\_\_ 11. juni 2019~~
- ~~• Stordal kommunestyre, sak 32/19 \_\_\_\_\_ 19. juni 2019~~
- ~~• Stranda kommunestyre, sak 74/19 \_\_\_\_\_ 28. august 2019~~
- ~~• Giske kommunestyre, sak 34/19 \_\_\_\_\_ 13. juni 2019~~
- ~~• Norddal kommunestyre, sak 30/19 \_\_\_\_\_ 20. juni 2019~~
- ~~• Sandøy kommunestyre, sak 49/19 \_\_\_\_\_ 27. juni 2019~~
- ~~• Sula kommunestyre, sak 32/19 \_\_\_\_\_ 15. mai 2019~~

\*

~~Etter tilråding frå representantskapet i møte den 05. mai 2021 vart endringar i §§ 6 og 13 vedtekne av deltakarkommunane slik:~~

- ~~• Fjord kommunestyre, sak 070/20 \_\_\_\_\_ 16.09.2021~~
- ~~• Giske kommunestyre, sak 074/21 \_\_\_\_\_ 29.09.2021~~
- ~~• Stranda kommunestyre, sak 064/21 \_\_\_\_\_ 26.08.2021~~
- ~~• Sula kommunestyre, sak 074/21 \_\_\_\_\_ 23.09.2021~~
- ~~• Sykkylven kommunestyre, sak 076/21 \_\_\_\_\_ 08.11.2021~~
- ~~• Ålesund kommunestyre, sak 187/21 \_\_\_\_\_ 23.09.2021~~

**Etter tilråding frå representantskapet i møte den .....2023 vart endringar i §§ 1, 4, 23 og 24 vedtekne av deltakarkommunane slik:**

- Fjord kommunestyre, sak \_\_\_\_\_ 2023**
- Giske kommunestyre, sak \_\_\_\_\_ 2023**
- Haram kommunestyre, sak \_\_\_\_\_ 2023**
- Stranda kommunestyre, sak \_\_\_\_\_ 2023**
- Sula kommunestyre, sak \_\_\_\_\_ 2023**
- Sykkylven kommunestyre, sak \_\_\_\_\_ 2023**
- Ålesund kommunestyre, sak \_\_\_\_\_ 2023**

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 05/23	Styret SKS IKS	12.04.2023
PS 03/23	Representantskapet SKS IKS	10.05.2023

## Årsrekneskap 2022 Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

### Sekretariatet si tilråding:

Styret tilrår at representantskapet godkjenner rekneskap 2022 for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS med eit meirforbruk på kr. 24.249,-

### Styret SKS IKS 12.04.2023

### Behandling

Samrøystes vedteken.

### SSKS - 05/23 vedtak

Styret tilrår at representantskapet godkjenner rekneskap 2022 for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS med eit meirforbruk på kr. 24.249,-

### Bakgrunn:

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS er eit interkommunalt selskap som vart etablert i 2005. Føreliggande rekneskap for 2022 er ført etter kommunale rekneskapsprinsipper.

Driftsrekneskapen viser driftsinntekter på til saman kr 3.489.793,- og finansinntekter på kr. 35.796,-

Totale driftsutgifter er på kr. 3.549.824,-. Meirforbruket for 2022 er på kr. 24.249,-

Rekneskapen blir godkjent av representantskapet etter tilråding frå styret.

**Vedlegg**

Balanserekneskap 2022 med notar - Sunnmøre kontrollutvalsekretariat  
IKS , Revisjonsmelding frå BDO

## Driftsregnskap

Driftsregnskap	Regnskap 2022	Budsjett	Regnskap 2021
Driftsinntekter:			
Salgsinntekter	0	0	0
Refusjoner	3 489 793	3 330 228	3 248 991
Overføringer	0	0	0
Andre driftsinntekter	0	0	0
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>3 489 793</b>	<b>3 330 228</b>	<b>3 248 991</b>
Driftsutgifter:			
Lønn inkl. sosiale utgifter	2 713 769	2 619 638	2 486 584
Kjøp av varer og tjenester	707 652	700 338	748 883
Overføringer	128 402	0	0
Andre driftsutgifter	0	0	0
<b>Sum driftsutgifter:</b>	<b>3 549 824</b>	<b>3 319 976</b>	<b>3 235 467</b>
<b>Driftsresultat:</b>	<b>-60 031</b>	<b>10 252</b>	<b>13 524</b>
Finansposter:			
Renteinntekter	35 796	-10 252	17 263
Renteutgifter	14	0	0
<b>Ordinært resultat (Res. før interne finansieringstrans</b>	<b>-24 249</b>	<b>0</b>	<b>30 787</b>
<b>Interne finansieringstransaksjoner:</b>			
Avsetninger	0	0	0
Bruk av tidligere avsetninger	24249,08	0	0
Brukt til finansiering av utgifter i kapitalregnskapet	0	0	0
Regnskapsmessig resultat (Res. etter interne finansier	0	0	30787,02

## Balanseregnskap

Oversikt - balanse	Regnskap 2022	Regnskap 2021
<b>EIENDELER</b>		
<b>A. Anleggsmidler</b>	<b>3 974 485</b>	<b>0</b>
II. Finansielle anleggsmidler	8 162	0
1. Aksjer og andeler	8 162	0
IV. Pensjonsmidler	3 966 323	0
<b>B. Omløpsmidler</b>	<b>1 857 691</b>	<b>1 600 901</b>
I. Bankinnskudd og kontanter	1 545 385	1 354 707
III. Kortsiktige fordringer	312 306	246 194
1. Kundefordringer	0	0
2. Andre kortsiktige fordringer	178 366	246 194
3. Premieavvik	133 940	0
<b>Sum eiendeler</b>	<b>5 832 176</b>	<b>1 600 901</b>

**EGENKAPITAL OG GJELD**

<b>C. Egenkapital</b>	<b>1 386 482</b>	<b>1 245 605</b>
I. Egenkapital drift	1 221 356	1 245 605
1. Disposisjonsfond	971 356	995 605
2. Bundne driftsfond	250 000	250 000
III. Annen egenkapital	165 126	0
1. Kapitalkonto	-41 195	0
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen dr	206 321	0
<b>D. Langsiktig gjeld</b>	<b>4 007 518</b>	<b>0</b>
II. Pensjonsforpliktelse	4 007 518	0
<b>E. Kortsiktig gjeld</b>	<b>438 176</b>	<b>355 296</b>
I. Kortsiktig gjeld	438 176	355 296
1. Leverandørgjeld	58 843	1 654
4. Annen kortsiktig gjeld	379 333	353 642
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>	<b>5 832 176</b>	<b>1 600 901</b>

Ålesund, \_\_\_\_\_/\_\_\_\_\_ 2023

\_\_\_\_\_  
